



Hardangerrådet iks



Hardanger

**INNKALLING TIL MØTE I
HARDANGERRÅDET**

**Dato: Fredag 24.10.2025
Klokka 09.00 - 15.00**

Stad: Ulvik herad

Agenda:

- 09:00 - 11:30 Hardangerrådet sakshandsaming
- 11:30 - 12:30 Lunsj
- 12:30 - 13:00 Presentasjon Siderprodusentane og søknad om Klyngestatus
v/Styreleiar Eirik Lekve Eide
- 13:00 - 15:00 Sakshandsaming

Saker til handsaming:

HR-sak 33/25 Innkalling og sakliste

HR-sak 34/25 Godkjenning av møtebok frå Rådsmøte og Rådmannsforum 23.04.2025

HR-sak 35/25 Meldingar

- IPR Norge 2025
- Samarbeidsekonferansen 2025
- Søknadar til Sparebankstiftinga Hardanger (SBSH) hausten 2026
- Orientering om Hardangerkonferansen 2025
- Orientering om Fjordvegen Riksveg 13
- Orientering om prosjektet "Arbeidsstad der du vil"

HR-sak 36/25 Orienteringssaker

1. Orientering om Turistbåtruta.
Inkl handsaming i [Hovedutvalget for samferdsel og mobilitet](#)
2. VLFK, Hovudutval for Næring,
[Felles innsats for økt boligbygging](#)



Hardangerrådet iks



Hardanger

3. VLFK, Hovudutval for næring og Hovedutval for mobilitet og samferdsel
[Camping og parkering langs fylkesvegar i Vestland](#)
4. VLFK, Hovudutval for mobilitet og samferdsel
[Sak PS 82/2025 Ferjeambod Hordaland](#)
Strategiske rammer og føringar for vidare arbeid med ny konkurranse:
[Saksprotokoll i hovuddutval for samferdsel og mobilitet 14.10.2024](#)

HR-sak 37/25 Felles besøksbidrag i Hardanger

HR-sak 38/25 Møteplan 2026

HR-sak 39/25 Høyring samanslåing av vassregionane Hardanger og Sunnhordland

**HR-sak 40/25 Presentasjon Siderprodusentane og
søknad om Klyngestatus til Innovasjon Norge
v/Styreleiar Eirik Lekve Eide**

HR-sak 41/25 Saker som kjem til.

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 48954550 Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 17.10.2025

**Timo Knoch
Rådsordførar**

**Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar**



Hardangerrådet iks



Hardanger

MØTEBOK Hardangerrådet

Dato: Torsdag 18.09.2025
Klokka: 09.00-11.30
Stad: Kommunehuset i Eidfjord

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordfører Timo Knoch - rådsordfører
Kvam herad:	Varaordfører Frode Nygård
Ullensvang kommune:	Ordfører Roald Aga Haug
Ulvik herad:	Ikkje møtt
Leiar Rådmannsforum:	Rådmann Eidfjord kommune Magnus Steigedal
Hardangerrådet iks:	Dagleg leiar Ann Irene Myrheim og konsulent Trude L. Rinaldo

HR-sak 24/25 Innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling godkjent slik den ligg føre.

HR-sak 25/25 Godkjenning av møtebok frå Rådsmøte og Rådmannsforum 05.06.2025

Vedtak:

Møteboka fra 05.06.25 er godkjent slik den ligg føre.

HR-sak 26/25 Meldingar

Vedtak:

Rådet tek meldingane til vitande

HR-sak 27/25 Orienteringssaker

Vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande

HR-sak 29/25 Søknad om tilskot sertifisering Hardanger som berekraftig reisemål

Vedtak:

1. Hardangerrådet sluttar seg til oppstart av sertifiseringsprosessen for Hardanger som berekraftig reisemål etter Innovasjon Norge si merkeordning.
2. Hardangerrådet oppmodar kommunane om å løyve midlar og dedikerte ressursar i tråd med saksframlegget.

HR-sak 30/25 Besøksbidrag i Hardangerkommunane

Vedtak:

Utsett til neste møte.

HR-sak 31/25 Møteplan 2026

Vedtak:

Utsett til neste møte

HR-sak 32/25 Saker som kjem til.

Møteboka godkjent 18.09.2025

Timo Knoch
Rådsordfører

Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar/referent



Hardanger

Møtedato 24.10.2025

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 35/25 Meldingar

Saker:

- IPR Norge 2025
- Samarbeidsekonferansen 2025
- Søknadar til Sparebankstiftinga Hardanger (SBSH) hausten 2026
- Orientering om Hardangerkonferansen 2025
- Orientering om Fjordvegen Riksveg 13
- Orientering om prosjektet "Arbeidsstad der du vil"

Framlegg til vedtak:

Rådet tek meldingar til vitande



Hardanger

Møtedato 24.10.2025

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

RF-sak 36/25 Orienteringssaker

Saker til orientering:

1. Orientering om Turistbåtruta
Inkl handsaming i [Hovedutvalget for samferdsel og mobilitet](#)
2. VLFK, Hovudutval for Næring,
[Felles innsats for økt boligbygging](#)
3. VLFK, Hovudutval for næring og Hovedutval for mobilitet og samferdsel
[Camping og parkering langs fylkesvegar i Vestland](#)
4. VLFK, Hovudutval for mobilitet og samferdsel
[Sak PS 82/2025 Ferjeambod Hordaland](#)
Strategiske rammer og føringar for vidare arbeid med ny konkurrane:
[Saksprotokoll i hovuddutval for samferdsel og mobilitet 14.10.2024](#)

Framlegg til vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande



Møtedato 24.10.2025

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 37/25

Felles besøksbidrag i Hardangerkommunane

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan innstilling til vedtak.

Rådmannsforum si innstilling til Hardangerrådet:

- Dei fire Hardangerkommunane samarbeider om innføring av besøksbidrag med felles sats og plan for bruk av midlane.
- Hardangerrådet ber kommunane setje av ressursar i budsjetthandsaming for 2026. Det er ein føresetnad at alle kommunane gjer felles vedtak om å sette av dedikerte ressursar til utarbeiding og implementering av felles regional besøksbidragordning i Hardanger i tråd med lova.

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: [Ny lov om besøksbidrag, pressemelding frå Regjeringen 20.06.25](#)

Vedlegg 2. Høyringssvar frå Hardangerrådet vedrørande forslag til lov om besøksbidrag.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

[Vedtak til lov om besøksbidrag av 20.juni 2025](#)

Saksutgreiing

Bakgrunn

Besøksbidragslova vart vedteken 5. juni 2025 og sanksjonert av Kongen 20. juni 2025. Lova er frivillig for kommunane, men gjev moglegheit til å innføra avgift på overnattingar under 30 dagar. Inntektene skal nyttast til reiselivsrelaterte fellesgoder.

Besøksbidragslova gjev kommunar med høg turistbelasting heimel til å innføre ei avgift på overnattingar. Avgifta kan setjast til inntil 3 %, og skal nyttast til å finansiera fellesgode knytt til reiseliv.

Hardangerrådet sendte den 12.12.2024 følgjande høyringsuttale til Nærings- og fiskeridepartementet.

- Det må vera rom for sesongdifferansiering i lova.
- Det må kunne setjast eit tak pr døgn ved prosentbasert takst. Kommunane skal også kunna velga flat takst.

- Besøksbidrag skal vera eit verktøy for besøksforvaltning. Slik lova er formulert i forslaget er den ikkje det.
- Kommunane må få lov til å krevja besøksbidrag frå alle turistar. Då kan det vera eit bidrag til trafikkstyring og besøkforvaltning.

Team Hardanger er samde i at det bør vera eit regionprosjekt og at % satsane bør vera lik i heile regionen og at kvar kommune ikkje skal arbeide med dette aleine.

I henhold til Visit Hardangerfjord sitt arbeid med reiselivstrategien og berekraftig reiseliv bør Hardangerkommunane starte diskusjonen kring besøksbidrag i regionen. Midlane skal øyremerkast tiltak som styrkjer infrastruktur, forvaltning av natur og kultur, samt betre opplevinga for både gjester og fastbuande.

Hardanger er ein reiselivsregion med stor pågang, som gjev betydeleg slitasje på infrastruktur, natur og kommunale tenester. Kommunane har i dag avgrensa midlar til å handtera dette utan å belasta fastbuande med høgare skattar og avgifter, og bør søkja om innføra ei slik avgift. Avgifta bør vera eins for alle kommunane i Hardanger.

Formål med besøksbidrag

- Finansiera vedlikehald og utbygging av stiar, toalett, renovasjon, informasjonspunkt og anna infrastruktur.
- Redusera belastning på natur og lokalsamfunn ved betre besøksstyring.
- Sikra at kostnader frå turisme i større grad vert dekkja av dei som nyttar tenestene.

Kommunane bør utarbeida ein felles plan som skal:

- Prioritera fellesgode ut frå behov og besøksmønster.
- Sikra open medverknad frå næringslivet, frivillige og innbyggjarar.
- Synleggjera for gjester korleis avgifta vert nytta.

Eksempel på tiltak:

- Oppgradering av offentlege toalett ved populære turmål.
- Forsterking av merking og vedlikehald av turstiar.
- Forbetring av avfallshandtering i høgsesong.
- Produksjon av informasjonsmateriell og digitale løysingar for besøksstyring.

Økonomiske konsekvensar

Kommunane er ansvarlege for kontroll og oppfølging.

Kostnad med implementering og drift av ordninga har ein pr i dag ikkje tal på.

Inntjeningsmodell;

(Tal kommersielle overnattingar i avgiftsmånader) × (gj.sn. pris ekskl. mva) × **0,03**.

Ordninga må innførast i tråd med besøksbidragslova og tilhøyrande forskrifter.

Til
Nærings- og fiskeridepartementet
<https://www.regjeringen.no/id3073098>

Høyringsvar frå Hardangerrådet vedrørende forslag til lov om besøksbidrag.

Hardangerkommunane ønskjer besøksbidrag velkoment, men vil påpeika ulike moment som bør korrigerast før lova vert vedteken.

Me meiner også at den korte svarfristen er uheldig for gode demokratiske prosessar i kommunane, som det burde vore tid og anledning til med eit så viktig tema.

Desse momenta er viktig for våre kommunar og me ber dykk endra forslaget med punkta under:

- Det må vera rom for sesongdifferansiering i lova.
- Det må kunne settjast eit tak pr døgn ved prosentbasert takst. Kommunane skal også kunna velga flat takst.
- Besøksbidrag skal vera eit verktøy for besøksforvaltning. Slik lova er formulert i forslaget er den ikkje det.
- Kommunane må få lov til å kreva besøksbidrag frå alle turistar. Då kan det vera eit bidrag til trafikkstyring og besøkforvaltning.

Kinsarvik 12.12.2024


Med fruktbar helsing
frå Hardangerrådet

Timo Knoch
ordfører Eidfjord kommune
rådsordfører Hardangerrådet

Torgeir Næss
ordfører Kvam herad

Roald Aga Haug
ordfører Ullensvang kommune

Jens Olav Holven
ordfører Ulvik herad





Møtedato 24.10.2025

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 38/25

Møteplan 2026 for Hardangerrådet

Saksutgreiing:

Hardangerrådet har bestemt å vedta sin møteplan for komande kalender år tidleg på hausten for å unngå at kommunane og andre set opp dei politiske møta sine på same datoar.

Det er mange omsyn som skal tilpassast med 4 kommunar/herad, Vestland fylkeskommune med fleire. Kommunane i Hardanger har godkjent at Hardangerrådet har sine fellesmøte på torsdagar.

Skuleruteferien i 2026 er slik:	Vinterferie	Veke 8/9	16.02 - 27.02
	Påske	Veke 14/15	30.03 - 07.04
	Pinse	Veke 21/22	24.05 - 25.05
	Sommarferie	Veke 26/34	22.06 - 17.08
	Hautstferie	Veke 40/41	28.09 - 09.10
	Joleferie	Veke 52/01	22.12 - 04.01

Vurdering:

Me har stort sett fulgt malen frå 2025 for møteplan 2026.

Det vert 4 ordinære møte + Hardinginget i vårhalvåret, og 3 ordinære møter i hausthalvåret, samt Hardangerkonferansen 2025.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet vedtek slik møteplan for 2026:

Møteplan 2026

2026	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet	Torsdag 15.		Torsdag 26.	Fredag 10.		Torsdag 04.	Torsdag 10.	Torsdag 15.		Torsdag 10.
Representant- skapet	Eidfjord		Kvam	Ulvik		Ullensvang	Kvam	Ulvik		Ullensvang
			Årsmøte	Fellesmøte med Sunnhordland						
Hardinginget		Torsdag 12.							Ons-Tors 4.-5.	
Hardanger- konferansen		Ullensvang							Eidfjord	
		Harding- tinget							Hardanger konferansen	



Møtedato 24.10.2025

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 39/25 Høyring samanslåing av vassregionane Hardanger og Sunnhordland

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak

Bakgrunn for saka:

Særutskrift:

I høyringsutgåva i planprogrammet står følgjande om å slå saman enkelte vassområde: *Vestland har i dag ni vassområde og vassområdeutval. For betre å nytte ressursane og å sjå heile fjordsystem i samanheng kan det vere aktuelt å slå saman nokre av vassområda.*

Fleire av fjordane våre er i ei [bekymringsfull utvikling med minkande oksygeninnhald. Hardangerfjorden er i ein urovekkande utvikling når det gjeld miljøtilstand](#). For å sette søkelyset meir på heile fjordsystemet og alle påverknadar på ein fjord, har vi i høyringsspørsmål 6 stilt spørsmål om å det er behov for å slå saman nokre av vassområda for betre å sjå heile fjorden i samanheng i det enkelte vassområde. Dette gjeld dei store fjordane våre som Hardangerfjorden, Sognefjorden, samt fjordane rundt Osterøy systemet.

Hardangerfjorden er i dag delt mellom Sunnhordland vassområde og Hardanger vassområde. Sognefjorden er delt mellom Indre Sogn vassområde og Ytre Sogn vassområde. I vassforskrifta § 23 står det følgjande om inndeling av vassområde: *Ved inndeling i vannområder skal det tas utgangspunkt i de naturgitte forhold, som hele eller deler av nedbørfelt, fjorder og kystområder. I tillegg skal det legges vekt på eksisterende samarbeidsformer mellom kommuner, regionale myndigheter og andre interesser, forventede utfordringer og allerede igangsatte tiltak.*

Høyringsspørsmål:

Planprogrammet - høyringsspørsmål:

1. Har du forslag til organisering av vassregionen (sjå kap. 7)?
 - a) Korleis bør kommunane vere representert i vassregionutvalet og i vassområdeutvala (politisk/administrativt)?
 - b) Er det behov for eit arbeidsutval under Vestland vassregionutval? I dag er det etablert mindre funksjonelle administrative arbeidsgrupper i staden for eit arbeidsutval.
 - c) Er Vestland vassregionutval godt samansett? Bør vi t.d. ha ei samanblanding av politiske og administrative representantar i vassregionutvalet slik som no eller er det behov for å gjere endringar?
2. Er det behov for å justere grensene for vassområda eller å slå enkelte vassområde saman t.d. slik at heile fjordområde med tilhøyrande nedbørsfelt inngår i same vassområde?

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Høyringsrapport – Planprogram for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033 –høyringsspørsmål 5 og 6.

Vedlegg 2: Saksgrunnlag - møte med VOU leiarane 3.10.25

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

[Vassforskrifta § 23](#)

Saksopplysningar:

Dette er status for Hardanger og Sunnhordland no :

Særutskrift frå høyringsrapport

Høyringsspørsmål 5. Har du forslag til organisering av vassregionen

Sunnhordland og Hardanger til Hardangerfjord vassområde

Sunnhordlandsrådet som består av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes er positive til å slå saman Sunnhordland vassområde med Hardangerfjord vassområde. Dei trur at eit vassområde for same fjordsystem kan bidra til ein meir heilskapleg forvaltning av Hardangerfjorden.

Kvinnherad kommune: For å få ein heilskapleg oversikt og god forvaltning er nok det å sjå heile fjordsystemet med tilhøyrande nedbørsfelt under eitt ein riktig veg å organisere vassforvaltninga på frametter.

Ullensvang kommune: Administrasjonen i Ullensvang kommune ønskjer å oppretthalde oppdelinga i Sunnhordland og Hardanger vassområde. Hardanger vassområdet består i dag av Kvam herad, Ulvik herad, Eidfjord kommune, Voss herad og Ullensvang kommune. Administrasjonen trur at ei samanslåing med Sunnhordland vassområde med kommunane: Vindafjord, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad og Etne vil gjere den administrative gruppa for stor og ikkje så effektiv som dialog og arbeidsfellesskap då antalet medlemmer vert mange.

Ullensvang kommune ønskjer å innlemme ein liten del av Ullensvang kommune som no høyrer til Sunnhordland vassområde i følge kartet - til Hardanger vassområde slik at kommunen har heile den delen knytt til eit vassområdeutval. Heile området grensar til same fjordarm. Området var tidlegare ein del av Kvinnherad kommune og har difor høyrd til Sunnhordland vassområde.

Ulvik herad: Kommunane i Indre Hardanger har lang tradisjon for samarbeid mellom anna gjennom Hardangerrådet, som har nokolunde samanfallande geografisk avgrensing med dagens vassområde. Rådet har nyleg sett i gang arbeid med felles forvaltningsplan for heile fjordsystemet i indre Hardangar. Vassforvaltninga etter vassforskrifta vil både vere premissleverandør og samarbeidspart i eit slikt prosjekt. Eit samanslått vassområde for Hardanger og Sunnhordland kan nok verta i største laget. Det vil gje lang reiseveg i tilfelle fysiske møte, og ein mister fort noko av kjensla for eigarskap, medverknad og ansvar.

Vindafjord kommune: Det er eit ønske frå administrasjonen i Vindafjord kommune om å gå i dialog med Rogaland og Vestland vassregion for å sjå om det er mogleg å inngå ei avtale som resulterer i at heile kommunen blir handtert av Rogaland vassregion og Haugaland vassområde.

Vurderingar:

Til drøfting i rådsmøtet

Høyringsrapport – Planprogram for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033 –høyringsspørsmål 5 og 6.

Høyringsspørsmål:

Planprogrammet - høyringsspørsmål:

1. Har du forslag til organisering av vassregionen (sjå kap. 7)?
 - a) Korleis bør kommunane vere representert i vassregionutvalet og i vassområdeutvala (politisk/administrativt)?
 - b) Er det behov for eit arbeidsutval under Vestland vassregionutval? I dag er det etablert mindre funksjonelle administrative arbeidsgrupper i staden for eit arbeidsutval.
 - c) Er Vestland vassregionutval godt samansett? Bør vi t.d. ha ei samanblanding av politiske og administrative representantar i vassregionutvalet slik som no eller er det behov for å gjere endringar?
2. Er det behov for å justere grensene for vassområda eller å slå enkelte vassområde saman t.d. slik at heile fjordområde med tilhøyrande nedbørsfelt inngår i same vassområde?

Høyringsspørsmål 5. Har du forslag til organisering av vassregionen

a) Korleis bør kommunane vere representert i vassregionutvalet og i vassområdeutvala (politisk/administrativt)?

Bakgrunn:

Vestland vassregionutval: Dei ulike forvaltningsetatane sit i Vestland vassregionutval; statlege etatar, fylkeskommune, leiarane av vassområdeutvala (kommune politisk representasjon), vassområdekoordinatorane.

Vassområdeutval i Vestland: et styrt og leia av kommunane, ein politisk representant og ein administrativ representant frå kvar kommune i utvalet sit i eit vassområdeutval, i tillegg er vassområdekoordinator (sekretær), statsforvaltaren, fylkeskommunen som vassregionstyresmakt (VRM) med i utvalet. Andre statlege etatar vert invitert om det er saker som rører ved deira ansvarsområde. Vassområdeutvala har ansvar for å leggje til rette for lokal medverknad. Vassområdeutvalet avgjer om det er behov for å etablere ulike tema/faggrupper innan t.d. landbruk, avløp, vassmiljø i kommunale planer. I slike grupper vil administrativt nivå innan dei ulike fagfelte inngå. Det er naturleg at det vert lagt til rette for samarbeid med ulike næringsorganisasjonar t.d. bondelaga i faggrupper for landbruk. Det er opp til det enkelte vassområdeutval etablere faggrupper innan for tema dei ønsker.

Regional referansegruppe: I dag er interessentar, lag og organisasjonar representert i ei regional referansegruppe knytt til Vestland vassregionutval.

Representasjon frå kommunane i Vestland vassregionutval

Alver kommune: For å sikra meir kompetanse og tverrfaglege vurderingar, så bør ein vurdere om det er fleire av administrasjonen innanfor dei ulike fagområda i kommunen som bør vere representert. I alle tilfelle bør det vere ein representant frå administrativt nivå som medlem i vassregionutvalet og vassområdeutvala. I større kommunar bør ein vurdere om fleire bør delta, slik ein sikrar rett kompetanse innanfor ulike fagtema.

Bremanger kommune: Inkludere 1 administrativ person med fagkompetanse frå kvart vassområde inn i vassregionsutvalet,

Stad kommune støttar dagens ordning med politisk representasjon frå vassområdeutvala i vassregionutvalet. Desse har i dag ansvar for å representere kommunane i sitt vassområde, samt dei ansvarsoppgåver og verkemiddel som ligg til kommunane. For å styrke den faglege kompetansen i utvalet foreslår vi at det i tillegg blir inkludert ein administrativ representant frå

kommunane som har fagansvar innan vassforvaltning. Dette synet er delt av både Nordfjord og Sunnfjord vassområdeutval.

Representasjon av kommunane i vassområdeutvala

Stad kommune støttar vidareføring av dagens organisering i vassområda der alle kommunane er representert både politisk og administrativt, i tillegg til at det er etablert administrative arbeidsgrupper og enkelte faggrupper. *Dette sikrar god forankring og brei kompetanse i arbeidet med vassforvaltning.*

Sunnhordlandsrådet er nøgd med korleis vassområdeutvala er organisert i dag. Dei opplev at deltaking både politisk og administrativt sikrar kunnskapsveksling som styrkar administrativ og politisk forankring for fagområdet i kommunen/kommunane.

Vik kommune meiner det er viktig at kommunane er representerte både administrativt og politisk i vassområdeutvala. Den administrative representasjonen sikrar kontinuitet, fagleg kompetanse og forankring i kommunal drift, sakshandsaming og planlegging, medan den politiske representasjonen gir forankring i lokalpolitikken. Dette er viktig for å sikre at vassforvaltinga vert prioritert i kommunale planar og budsjett.

Representasjon av kommunane i vassregionutvalet og vassområdeutvala

Bergen kommune mener det er viktig at politisk ledelse fortsatt er representert i utvalgene. Vannforvaltningen skjer på tvers av kommunegrenser, sektorstyresmakter og administrative nivåer. Mange av utfordringene vi møter, og tiltakene som skal gjennomføres, er på kommunalt nivå. Tilstrekkelig politisk forankring lokalt er avgjørende for å sikre at beslutningstakere har nødvendig kunnskap, slik at prioritering og oppfølging av tiltakene i kommunene blir god.

Kvam kommune; det bør vere politisk representasjon frå kommunane i vassområdeutval/vassregionutval.

Kvinnherad kommune meiner det vil vera ein fordel om ein fortset med organiseringa slik det er no. Politisk forankring er avgjerande og vert sikra når politisk representant er med i utvala.

Vaksdal kommune: Det er viktig med sterk politisk involvering og tilknytning. Når det gjeld representasjon i vassregionutval og vassområdeutval vil det vera føremålstenleg med ei organisering som styrker/fører til tettare samarbeid mellom politisk og administrativt nivå.

Ullensvang kommune; Administrasjonen i kommunen ser det som viktig at det både er politisk og administrative representantar i dei to utvala. Det er politisk som til sjuande og sist er ansvarleg for politikken som vert førd, difor må desse vere representert og ha eit øyra inn i det faglege fellesskapet. Det er samtidig viktig at det vert oppretthalde eit fagleg fellesskap i den administrative gruppa då målet innbefattar ganske fagtungt stoff. Fortset som i dag for vassregionutvalet og vassområdeutvala.

Vassområda Indre Sogn og Ytre Sogn ønskjer ei vidareføring av dagens modell med både politisk og administrativ representasjon i vassområdeutvala. Erfaringane våre er at denne organiseringa fungerer godt.

Vik kommune: Vassområda Indre Sogn og Ytre Sogn ønskjer ei vidareføring av dagens modell med både politisk og administrativ representasjon i vassområdeutvala. Erfaringane våre er at denne organiseringa fungerer godt.

Øygarden kommune: Kommunedirektøren meiner at ei evaluering av organisering og fordeling av oppgåver for heile vassregionen vil vere eit godt grep i planprosessen, og bør eventuelt omtalast i planprogrammet.

Statsforvaltaren i Vestland meiner både administrasjon og politikare må vere representert i vassregionutvalet og vassområdeutvala for sikre god forankring av vassforvaltningsplanane. Dette vil òg vere med på å auke forståinga og betydinga av planane for kommunane.

Vestland bondelaget; landbruk vert representert i Vestland vassregionutval, både næringsorganisasjonar og forvaltning. I dag Vestland bondelag er med i den regionale referansegruppa.

b) Er det behov for eit arbeidsutval under Vestland vassregionutval? I dag er det etablert funksjonelle administrative arbeidsgrupper i staden for eit arbeidsutval der alle sektorstyresmaktar sit samla.

Kvinnherad kommune: Om ein skal tenkje heilskapleg på fjordsystemet med tilhøyrande nedbørsfelt kan ein tenkja at eit representativ arbeidsutval som ei god løysing, men at dei fungerer saman med administrative arbeidsgrupper.

1. c) Er Vestland vassregionutval godt samansett? Bør vi t.d. ha ei samanblanding av politiske og administrative representantar i vassregionutvalet slik som no eller er det behov for å gjere endringar.

Alver kommune: Her bør ein sjå på om det bør gjerast endringar, og at det til politisk nivå i kommunane kan bli gjeve som informasjon om status for arbeidet gjennom årsmelding eller liknande, som grunnlag for arbeidet kommunen gjer i forkant av arbeidet med økonomiplan og budsjett. Dersom det skal skje endring med ei politisk styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe så må det vere tydeleg kva mandat og rolle dei ulike gruppene skal ha i forhold til ansvar og mynde. Det bør uansett gjerast ei vurdering med omsyn til organisering som sikrar at det vert ei mest mogeleg effektiv organisering, og at ein unngår for mange nivå av organiseringa i vassområda.

Kvinnherad kommune: God ordning slik det er organisert pr. i dag. Sikrar politisk forankring med denne ordninga.

Ulvik herad; I tidleg fase av vassforskriftarbeidet var alle kommunar representert i vassregionutvalt både politisk og administrativt. Per i dag er vassområdene representert i vassregionutvalet ved leiaren for vassområdeutvalet. Dagens ordning har enno ikkje fått virke særleg lenge. Utan gode argument for endring bør stabilitet prioriterast.

Vik kommune: modellen med både administrativ og politisk deltaking sikrar at det faglege grunnlaget for vassforvaltninga når fram til politikarane, og at det er effektivt at både politisk og administrativ leiing får informasjon samtidig. Ettersom vassområda berre er samarbeidsorgan, blir samanblandinga av administrative representantar vurdert som uproblematisk.

6. Er det behov for å justere grensene for vassområda eller å slå enkelte vassområde saman t.d. slik at heile fjordområde med tilhøyrande nedbørsfelt inngår i same vassområde?

I planprogrammet er det stilt spørsmål om det er behov for å slå saman vassområda:

- Indre Sogn og ytre Sogn til Sognefjord vassområde
- Sunnhordland og Hardanger til Hardangerfjord vassområde
- Voss – Osterfjorden og Nordhordland

Indre Sogn vassområde og Ytre Sogn til Sognefjord vassområde

Indre Sogn og Ytre Sogn vassområde støttar ei samanslåing av våre to vassområde til eitt felles vassområde. Vi meiner dette vil styrke grunnlaget for ei heilskapleg og effektiv vassforvaltning for Sognefjorden og tilhøyrande nedbørsfelt, og bidra til betre miljøtilstand i området.

Vik kommune ønsker å endre grensene slik at mest mogleg areal av Vik kommune ligg til Sogn vassområde.

Sunnhordland og Hardanger til Hardangerfjord vassområde

Sunnhordlandsrådet som består av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes er positive til å slå saman Sunnhordland vassområde med Hardangerfjord vassområde. Dei trur at eit vassområde for same fjordsystem kan bidra til ein meir heilskapleg forvaltning av Hardangerfjorden.

Kvinnherad kommune: For å få ein heilskapleg oversikt og god forvaltning er nok det å sjå heile fjordsystemet med tilhøyrande nedbørsfelt under eitt ein riktig veg å organisere vassforvaltninga på frametter.

Ullensvang kommune: Administrasjonen i Ullensvang kommune ønskjer å oppretthalde oppdelinga i Sunnhordland og Hardanger vassområde. Hardanger vassområdet består i dag av Kvam herad, Ulvik herad, Eidfjord kommune, Voss herad og Ullensvang kommune. Administrasjonen trur at ei samanslåing med Sunnhordland vassområde med kommunane: Vindafjord, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad og Etne vil gjere den administrative gruppa for stor og ikkje så effektiv som dialog og arbeidsfellesskap då antalet medlemmer vert mange.

Ullensvang kommune ønskjer å innlemme ein liten del av Ullensvang kommune som no høyrer til Sunnhordland vassområde i følgje kartet - til Hardanger vassområde slik at kommunen har heile den delen knytt til eit vassområdeutval. Heile området grensar til same fjordarm. Området var tidlegare ein del av Kvinnherad kommune og har difor høyrd til Sunnhordland vassområde.

Ulvik herad: Kommunane i Indre Hardanger har lang tradisjon for samarbeid mellom anna gjennom Hardangerrådet, som har nokolunde samanfallande geografisk avgrensing med dagens vassområde. Rådet har nyleg sett i gang arbeid med felles forvaltningsplan for heile fjordsystemet i indre Hardanger. Vassforvaltninga etter vassforskrifta vil både vere premissleverandør og samarbeidspart i eit slikt prosjekt. Eit samanslått vassområde for Hardanger og Sunnhordland kan nok verta i største laget. Det vil gje lang reiseveg i tilfelle fysiske møte, og ein mister fort noko av kjensla for eigarskap, medverknad og ansvar.

Vindafjord kommune: Det er eit ønske frå administrasjonen i Vindafjord kommune om å gå i dialog med Rogaland og Vestland vassregion for å sjå om det er mogleg å inngå ei avtale som resulterer i at heile kommunen blir handtert av Rogaland vassregion og Haugaland vassområde.

Voss – Osterfjorden og Nordhordland vassområde

Alver kommune: I det vidare arbeidet bør ein vurdere om det er behov for å justere grensene mellom vassområda, men må sikre at det ikkje vert for stort og at fokusområde vert oppretthalde for alle områda som er med i vassområdet. Fordelen med samanslåing kan vere meir heilskapleg forvaltning og oppfølging av tiltak for dei ferskvatn som renn ut i same fjordsystem. Eventuell endring av grensene for vassområda må ikkje føre til ein auka kostnad for kommunen.

Vaksdal kommune: Ei samanslåing med Nordhordland vassområde vil føra til at ein samlar fjordsystema og tilhøyrande nedbørsfelt ytterlegare. Kommunestyret i Vaksdal ser at det kan vera forvaltningsmessig føremålstenleg med ei geografisk avgrensing som knyt saman felles fjordsystem og nedbørsfelt som renn ut i desse. Det kan og vera administrative og organisatoriske fordelar med ei samanslåing.

Vest vassområde

Øygarden kommune: Kommunedirektøren meiner at den geografiske samansettinga av Vest vassområde er føremåls tenleg, men er samd med at namnet «Vest» ikkje seier så mykje om kor i Vestland fylke vassområdet faktisk ligg. Med bakgrunn i organisering og namngjeving av andre interkommunale samarbeid som t.d. Geovekst og fylkesgeodatautvalet, vil kommunedirektøren fremme forslag om namnet Midthordland. Det er dei same kommunane som er inkludert i dei nemnte utvala.

Innspel frå Statsforvaltaren

Vi har ingen konkrete forslag til den geografiske inndelinga til vassområda. Vi meiner det kan vere hensiktsmessig at inndelinga følgjer fjordsystema i fylket slik at ein kan sjå den samla påverknaden på desse, og enklare kan finne avbøtande tiltak som er samordna på tvers av kommunegrensene. Samstundes må ikkje vassområda verte så store at fysiske møte vert uaktuelt på grunn av reiseavstand. Erfaringa vår er at fysiske møter i vassområda skapar meir engasjement hos deltakarene enn digitale møter.

Innspel frå interessentar, lag og organisasjonar

Eviny mener at en bør se på vannområdene på ny, og tenke mer helhetlig forvaltning. Det vil i mange tilfeller være de samme personene som møtes i flere vannområder. Da vil det være rasjonelt å samle fokuset, og arbeidet på færre møter.

Et alternativ kan for eksempel være:

- Vannområde A: Nordfjord og Sunnfjord Vannområde slås sammen til ett. (dagens område 1 og 2).
- Vannområde B: Vannområder knyttet til Sognefjorden (indre og ytre sogn) slås sammen. (dagens område 3 og 4)
- Vannområde C: Vannområder knyttet til Osterfjordsystemet, Nordhordland og områdene utenfor (dagens område 5 (Voss - Osterfjorden VO), 6 (Nordhordland VO) og deler av 7 (Vest VO)
- Vannområde D: vannområder knyttet til Hardangerfjorden og Sunnhordaland (deler av 7, og område 8 (Hardanger VO) og 9 Sunnhordland VO)

Møte med leiarane av vassområdeutvala i Vestland 3. oktober

Til leiarane av vassområdeutvala i Vestland vassregion

Vi viser til møtet i Vestland vassregionutval 18.9.2025. Det er behov for å drøfte og konkludere nokre av høyringsinnspel til planprogrammet om organisering av vassregionen og vassområda jf. høyringsspørsmål 5 og 6 og [høyringsinnspel](#) som er kome inn til planprogrammet for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033.

[Høyringsinnspel](#) om organisering i Vestland vassregion og endring av storleik på vassområda er summert opp i eige dokument (oppsummering av høyringsspørsmål 5 og 6 er vedlagt).

5. Har du forslag til organisering av vassregionen (sjå kap. 7)?
 - a) Korleis bør kommunane vere representert i vassregionutvalet og i vassområdeutvala (politisk/administrativt)?
 - b) Er det behov for eit arbeidsutval under Vestland vassregionutval? I dag er det etablert mindre funksjonelle administrative arbeidsgrupper i staden for eit arbeidsutval.
 - c) Er Vestland vassregionutval godt samansett? Bør vi t.d. ha ei samanblanding av politiske og administrative representantar i vassregionutvalet slik som no eller er det behov for å gjere endringar?
6. Er det behov for å justere grensene for vassområda eller å slå enkelte vassområde saman t.d. slik at heile fjordområde med tilhøyrande nedbørsfelt inngår i same vassområde?

Spørsmål som vassregionstyresmakta ønsker avklaring på følger under. Relevante konklusjonar frå om spørsmåla lista opp under vil inngå i oppdatert planprogram som skal opp i Vestland vassregionutval 17.10.25. Dersom det skal gjerast endringar i organiseringa (adm. vs. politisk nivå) og/eller storleiken på vassområda, ser vi for oss at endringane skal gjelde frå etter kommune- og fylkestingsvalet i 2027. Spørsmål som treng avklaring følger under.

Vestland vassregionutval

1. Korleis bør kommunane vere representert i Vestland vassregionutval. Det er kome innspel om at administrative personar/ fagpersonar innan t.d. landbruk og avløp skal sitte i Vestland vassregionutval
 - a) Det er behov for å avklare om berre leiarane av vassområdeutvala skal representere kommunenivået eller om administrative eller enkelte fag personar (t.d. innan avløp og landbruk) frå kommunane skal vere i vassregionutvalet. Det er og aktuelt at kommunale fagpersonar inngår i regionale faggrupper for avløp, landbruk og plan. Framlegg til tilslutning om eit eller fleire av alternativa under:

Alternativ (det er mogleg med fleire alternativ samstundes):

- I. Kommunane er i Vestland vassregionutval representert ved leiarane vassområdeutvala (ni personar, same som i dag)
- II. Ein administrativ person frå kvart vassområde (t.d. ein kommunedirektør eller adm. kontaktperson for vassforvaltning) deltek i Vestland vassregionutval (utviding av personar i Vestland vassregionutval aukar med ni personar)
- III. Ein/to fagpersonar samla frå alle kommunane innan kvar av tema avløp, landbruk og kommunale planer skal inngå i Vestland vassregionutval (utviding av personar i Vestland vassregionutval aukar med tre/seks personar)
- IV. Fagpersonar frå kommunane innan t.d. avløp og landbruk inngår i lokale (i vassområda) eller regionale faggrupper (for heile vassregionen).

Vassområda i Vestland

- b) Korleis skal fagpersonar i vassområda inngå i det enkelte vassområde. Det er kome innspel om at fagpersonar i kommunane skal inngå i vassområdeutvala.

Alternativ:

- V. Fagpersonar frå kommunane (t.d. landbruk, avløp) vert inkludert i vassområdeutvala (saman med politisk valt person og administrativ kontaktperson). Dette vil bli gi t.d. 2 personar frå kvar kommune i tillegg til dei som allereie sit i vassområdeutvalet.
- VI. Fagpersonar frå kommunane i vassområdet t.d. innan landbruk og avløp vil inngå i faggrupper under det enkelte vassområde. Det er det enkelte vassområde som bestemmer om det er behov for å etablere faggrupper innafor t.d. avløp og landbruk.

2. Skal vi slå saman nokre av vassområda til større vassområde jf. høyringsspørsmål 6; Er det behov for å justere grensene for vassområda eller å slå enkelte vassområde saman t.d. slik at heile fjordområde med tilhøyrande nedbørsfelt inngår i same vassområde?

Bakgrunn: I høyringsutgåva i planprogrammet står følgande om å slå saman enkelte vassområde:
Vestland har i dag ni vassområde og vassområdeutval. For betre å nytte ressursane og å sjå heile fjordsystem i samanheng kan det vere aktuelt å slå saman nokre av vassområda.

Fleire av fjordane våre er i ei [bekymringsfull utvikling med minkande oksygeninnhald. Hardangerfjorden er i ein urovekkande utvikling når det gjeld miljøtilstand](#). For å sette søkelyset meir på heile fjordsystemet og alle påverknadar på ein fjord, har vi i høyringsspørsmål 6 stilt spørsmål om å det er behov for å slå saman nokre av vassområda for betre å sjå heile fjorden i samanheng i det enkelte vassområde. Dette gjeld dei store fjordane våre som Hardangerfjorden, Sognefjorden, samt fjordane rundt Osterøy systemet.

Hardangerfjorden er i dag delt mellom Sunnhordland vassområde og Hardanger vassområde. Sognefjorden er delt mellom Indre Sogn vassområde og Ytre Sogn vassområde. I vassforskrifta § 23 står det følgande om inndeling av vassområde: *Ved inndeling i vannområder skal det tas utgangspunkt i de naturgitte forhold, som hele eller deler av nedbørsfelt, fjorder og kystområder. I tillegg skal det legges vekt på eksisterende samarbeidsformer mellom kommuner, regionale myndigheter og andre interesser, forventede utfordringer og allerede igangsatte tiltak.*

Sognefjorden og Hardangerfjorden vart i si tid delt i to vassområde (2010) der stor fysisk avstand mellom kommunane og behov for kortare reisetid til fysiske møte vart vektlagt. Mange møte i vassområda vert no halde digitalt. Målet for inndeling av vassområda var den gang som no å dele inn vassområda slik at alt vatn som rann ned i ein fjord skulle ligge i eit eller same vassområde.

Alle møta var den gong fysiske, dei siste åra har dei fleste møta vore digitale. Eit vassområde bør ikkje vere så stort at det er til hinder for fysiske møte. Samanslåing av to vassområde til eit større vassområde vil føre til fleire kommunar i vassområdeutvala og den administrative gruppa samansett av administrativt nivå i kommunane og vassområdekoordinator. Arbeidet for vassområdekoordinator vert effektivisert ved at vassområdekoordinator arrangerer færre møte med tilhøyrande saksgrunnlag. Den enkelte kommune vil av vassområdekoordinator få minst like mykje hjelp som tidlegare då personresursen ikkje er planlagt redusert.

Kvart vassområde har i dag ein 50 % stilling for ein vassområdekoordinator. Dersom vi slår saman to vassområda, vil stillingsresursen bli 100 % tilsaman (ein 100 % stilling eller stillinga er fordelt på to personar i 50 % stilling kvar) dvs. kommunane vil få minst like mye hjelp som no ved å slå saman vassområda.

Under eit vassområdeutvalet ligg ein administrativ gruppe der ein administrativ person frå alle kommunane deltek og vassområdekoordinator. Administrative arbeidsgruppe er alt slått saman for vassområda Ytre Sogn og Indre Sogn, samt Voss – Osterfjorden og Hardanger vassområde. Vi finn det meir naturleg å samle alle kommunane langs Hardangerfjorden i ei administrativ gruppe enn å samle dei saman i Hardanger vassområde og Voss- Osterfjorden vassområde. Vassområda Ytre og Indre Sogn har sama vassområdekoordinator. Hardanger vassområde og Voss- Osterfjorden har i dag same vassområdekoordinator, administrativ gruppe for desse to vassområda er av den grunn slått saman.

Spørsmål som treng avklaring følger under.

- a. Det har kome høyringsinnspel om å slå i saman Sunnfjord vassområde med Nordfjord vassområde til eit felles vassområde (innspel frå Eviny).

Framlegg til innstilling til Vestland vassregionutval: Sunnfjord vassområde og Nordfjord vassområde skal framleis skal vere eigne vassområde.

- b. Det er kome innspel om å slå saman Indre Sogn vassområde med Ytre Sogn vassområde. Høyringsinnspel viser semje om dette frå vassområdeutvala.

Framlegg til innstilling til Vestland vassregionutval: Ber om tilslutning om å slå saman Indre Sogn vassområde og Ytre Sogn vassområde

- c. Skal vi slå saman Hardanger vassområde og Sunnhordland vassområde til Hardangerfjord vassområde? Sunnhordlandsrådet er positive til ein samanslåing. Tre av kommunane i Hardanger vassområde har gitt uttale ønsker å halde på inndelinga vi har i dag.

Framlegg til innstilling til Vestland vassregionutval: Kommunane i Hardanger vassområde kjem med eit felles innspel på om dei ønsker å slå saman Hardanger vassområde med Sunnhordland vassområde (uttale frå Hardanger vassområdeutval/Hardangerrådet).

- d. Voss – Osterfjorden vassområde og Nordhordland vassområde til eit vassområde?

Framlegg til innstilling til Vestland vassregionutval: Kommunane i Voss - Osterfjorden vassområde og Nordhordland vassområde kjem med eit felles innspel på kva dei vil (vassområdeutvala?).

- e. Det er kome innspel om å dele Vest vassområde i to der den sørlege delen kan inngå i eit nytt Hardangerfjord vassområde (Hardanger vassområde + Sunnhordland vassområde) og den nordlege delen inngå i eit samanslått vassområde for Voss – Osterfjorden vassområde og Nordhordland vassområde (innspel frå Eviny).

Framlegg til innstilling til Vestland vassregionutval: Vest vassområde består som eige vassområde.

- f. Det er kome innspel om å endre namnet på Vest vassområde til Midthordland vassområde.

Framlegg til innstilling til Vestland vassregionutval: Namnet på Vest vassområde vert endra til Midthordland vassområde.

3. Er det behov for eigne møte for leiarane vassområdeutvala eller er det ikkje behov? Dersom behov, kva for tema bør vere på agendaen?

Til orientering:

Vasskraft - innspel frå vassområdeutvala om prioritering av vassdrag der det bør gjennomførast vilkårsrevisjon av miljøvilkåra, frist for innspel 31.12.25. Det bør vere møte i vassområdeutvala i nov/des. 2025 om dei vil koma med innspel til prioritering.